



Arkivsaknr: 2024/5675-11
Sakshandsamar: Ola Viken Stalund
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Høyring - utgreiing - grensejustering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek vedlagt høyringsuttale i saka slik den ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

I tråd med brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) dagsett 06.05.2024 om utgreiing av konsekvensane av ei grensejustering mellom Alver kommune og Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune har Statsforvaltaren i Vestland no gjennomført innbyggjarundersøking om grensejustering i Romarheim – Urdal skulekrins (Indrefjorden).

Rapporten frå innbyggjarundersøkinga er klar, og Statsforvaltaren sender no saka på høyring på nytt, der mellom anna kommunane, fylkeskommunen og Statens kartverk skal få høve til å uttale seg før det gis ei endeleg tilråding til departementet, jf. inndelingslova § 9 fjerde ledd og rundskriv H-10/15.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kommunal- og distriktsdepartementet sendte i mai 2024 melding til Alver, Modalen og Masfjorden kommunar om deira handsaming av klage på Statsforvaltaren si avgjerd om ikkje å setje i gang utgreiing av grensejustering av området gamle Romarheim – Urdal

skulekrins (Indrefjorden) frå Alver kommune til Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune.

Det kom inn tre klager på avgjerda, datert høvesvis 14. februar, 17. februar og 23. februar 2022. Statsforvaltaren har vurdert klagen, og opprettheld si avgjerd. Klagen vart sendt Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) for endeleg avgjerd i saka, jf. inndelingslova § 9 første ledd, jf. forvaltningsloven kapittel VI.

På bakgrunn av dei tre klagen ba departementet Statsforvaltaren i Vestland om å greie ut konsekvensane av ei grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune, for området som utgjer gamle Romarheim – Urdal skulekrins (Indrefjorden). Departementet meiner ei utgreiing kan bidra til å klargjere kva som er føremålstenlege grenser i området. I oversendinga til departementet skal Statsforvaltaren gi ei tilråding.

Om arbeidet med utgreiinga

Utgreiinga skal gi opplysningar om relevante høve som folketal, areal, geografi, kommunikasjon, pendling, utbyggingsmønster, kommuneøkonomi og det kommunale tenestetilbodet.

Kommunale og andre offentlege etatar skal, på statsforvaltaren si oppmoding, gi naudsyn til opplysningar og i rimeleg utstrekning medverke ved saksførebuinga, jf. inndelingslova § 9 tredje ledd.

Alver, Modalen og Masfjorden kommunar skal få uttale seg i saka, jf. inndelingslova § 9 fjerde ledd.

Utgreiinga bør innehalde innbyggjaranes syn på ei slik grensejustering, jf. § 10 i inndelingslova. Departementet ber statsforvaltaren ha dialog med kommunane om gjennomføringa av innbyggjarhøyringa.

Statsforvaltaren må leggje til rette for at Kartverket får uttale seg før saka blir sendt til departementet.

Utgreiinga frå statsforvaltaren skal innehalde kunnskapsgrunnlaget, kommunestyra sine uttalar om saka, resultatet frå innbyggjarhøyringa, Kartverket sin uttale om saka og statsforvaltaren si tilråding. Dersom statsforvaltaren tilrår ei grensejustering, skal eit klart og eintydig forslag til nye kommunegrenser leggjast fram for departementet. Departementet legg til grunn at Statsforvaltaren i Vestland kan dekke utgiftene til utgreiinga, jf. inndelingslova § 11.

Kunnskapsinnhenting

Som ein del av utgreiinga ba Statsforvaltaren dei tre kommunane sende over relevant informasjon som ein del av kunnskapsgrunnlaget for å kunne svare ut oppdraget frå departementet. Sjå vedlegg «Innhenting av informasjon - justering av kommunegrensa mellom Alver kommune og Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune» for komplett opplisting av punkta Statsforvaltaren meinte kunne vere relevante her.

Statsforvaltaren opplyste at kommunane gjerne kunne samarbeide om informasjonsinnhentinga. Dei tre kommunane har hatt fleire samarbeidsmøte og sendte i mai 2025 inn eit felles svar på bestillinga. Sjå vedlegg «Svar til Statsforvalteren innhenting av informasjon eventuell grensejustering» for å lese heile tilbakemeldinga frå kommunane.

Innbyggjarundersøking Romarheim – Urdal skulekrins (Indrefjorden)

Opinion AS har på oppdrag frå Statsforvaltaren gjennomført ei innbyggjarundersøking i august 2025. Det bur om lag 125 innbyggjarar i det aktuelle området. Av desse er 17 i barnehage- og skulealder og 36 er over 67 år. 99 av desse er over 18 år, og i målgruppa for undersøkinga. 62 av desse har svart på undersøkinga. Resultata frå innbyggjarundersøkinga syner at innbyggjarane i området er delte på midten i synet på ei eventuell grensejustering, og kor vidt det aktuelle området skal vere ein del av Alver kommune eller Modalen kommune. Svært få gir uttrykk for at området bør verte ein del av Masfjorden kommune. Innbyggjarundersøkinga viser også at det er noko ulike meiningar ut i frå kor innbyggjarane bur, kor dei jobbar og kva aldersgrupper innbyggjarane tilhøyrrer. Sjå vedlegg «Innbyggerundersøkelse grensejustering Alver 2025» for å lese alle resultata i heile undersøkinga.

Det må her påpeikast at det berre er innbyggjarar i Alver kommune som har blitt høyrte gjennom innbyggjarundersøkinga. Innbyggjarane i Modalen og Masfjorden har ikkje fått høve til å uttale seg på noverande tidspunkt.

Vurdering

Resultatet frå innbyggjarundersøkinga gjer ikkje noko eintydig svar i retning av grensejustering for det aktuelle området. Det er vidare særst vanskeleg å kunne vurdere dei totale konsekvensane for Alver kommune ved ei eventuell grensejustering utifrå det faktagrunnlaget som kommunen kjenner til på dette tidspunktet.

I den felles tilbakemeldinga «Innhenting av informasjon - justering av kommunegrensa mellom Alver kommune og Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune», peikte me på fleire punkt Statsforvaltaren, ev. andre aktørar er betre stilt til å vurdere enn kommunane. Dette gjeld ikkje minst dei overordna økonomiske effektane, dvs. effekt på kommunens frie inntekter. Alver kommune gjorde då ei grov berekning av effekten på frie inntekter, og anslår at endringa vil medføre ei reduksjon på om lag 18,5 mill. kr. per år for Alver sin del. Det må her takast atterhald om at dette er eit grovt anslag, med utgangspunkt i folketal, areal og skatteinntekter. Berekning av nettoeffektar vil vere omfattande, og er ikkje gjort i denne omgang.

Andre forhold som ikkje er belyst så langt er til dømes omfanget av kommunale vegar i området, kommunale bygg/eigedomar og kommunale vass- og avlaupsanlegg. Alle desse forholda inneber ein ukjend økonomisk konsekvens som er vanskeleg å vurdere, og Statsforvaltaren har heller ikkje gjort nokon vidare berekningar av økonomiske konsekvensar for kommunane, etter det me kan sjå.

Konklusjon:

Faktagrunnlaget som ligg føre på noverande tidspunkt gjer det umogleg å vurdere dei totale faglege og økonomiske konsekvensane av ei grensejustering for Alver kommune sin del. Alver kommune meiner at det bør gjennomførast ei grundigare konsekvensutgreiing og dersom Statsforvaltaren tilrår grensejustering i si utgreiing til departementet.

Vedlegg

- 1 Høyringsuttale - utgreiing - grensejustering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden
- 2 Høyring - utgreiing - grensejustering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden.pdf
- 3 Innbyggerundersøkelse grensejustering Alver 2025.pdf.pdf
- 4 Svar til Statsforvalteren innhenting av informasjon eventuell grensejustering.docx.pdf
- 5 Innhenting av informasjon - Justering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden.pdf